



Ordførar Liv Kari Eskeland tok også del i årets Falturiltu. Foto: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN  
Auka interesse for Falturiltu:

## Over 4.000 fekk med seg festivalen

Falturiltu-sjef Roald Kaldestad gler seg over å nå lengre ut med litteraturfestivalen på Stord.

- [Vidar.Hopevidar@sunnhordland.no](mailto:Vidar.Hopevidar@sunnhordland.no)

Publisert 11.11.2014 kl. 07.58. Oppdatert kl. 09.34.

A-A+

– I oppsummeringa av Falturiltu 2014 er det gledeleg å sjå at me stadig når lenger ut. I år kom det blant anna bidrag frå Gudbrandsdalen (!) til låtskrivarkonkurransen vår, [Sunnhordlandsråten](#), og på dei faglege seminara kom det folk frå Skudeneshavn i sør, Volda i nord og frå både Bergen, Oslo, Odda, Tysvær og Voss. Aldri før har me trekt så mange frå utanfor Sunnhordland til Stord, seier Kaldestad.

Han har også merka auke i publikumstalet, som ser ut til å enda opp på litt over 4.000.

– **Litt høgare enn i fjor, altså. Me merkar også auka interesse frå media for den nynorske barnebokfestivalen. Det ser altså ut til at me er på rett veg mot å nå målet vårt om å bli ei nasjonal festival for nynorsk barnelitteratur, med solid lokal forankring.**

Blant arrangementa som trekte mest folk i år var [Falturiltufest](#) blant anna med stjerneskotet [Tones](#), som sjarmerte i senk publikum frå seks til sytti.

– Og Lene Kaaberbøl, [HSH sin musikal «Skammarens dotter»](#), Finn-Erix og Linda Eide på Arena, og Stord kulturskule sin eigenproduserte [«Måneskinssoldaten»](#). Elles var det jamt over godt besøk på dei fleste av dei rundt 50 arrangementa, og mykje skryt til festivalutstillingane, blant anna [Fitjar vgs. si utstilling i Stord kulturhus](#), skriv Kaldestad i ei pressemelding.